

Til:

Eldbjørg Engelsvoll	FAU
Lill Marete Egge Lye	FAU
Linda Eilen Viste Bø	frå anna personal
Åse Margrethe F. Nair	frå pedagogisk personal
Wibecke Natås	politikar
Johan Omland	rektor/sekretær
Liv Skretting	vara. anna personal
Bergit Garpestad	vara. pedagogisk personal
Egil Torland	vara. politikar

Dykkar ref.

Vår ref.

17/30513 KSA

Arkivkode

035 A20

Dato

06.10.2017

Varhaug skule - referat frå møte i SU - 02.10.2017

Dato: 02.10.2017

Tid: Kl. 19.00

Stad: Varhaug skule, møterom

Tilstades: Åse Margrethe F. Nair, Linda Eilen Viste Bø, Eldbjørg Engelsvoll, Lill-Marete Egge Lye og Johan Omland

Saker:**14/17** Godkjenning av innkalling

Innkallinga kom ikkje til nokon. Skulen sjekkar kva som kan vera feil.

Kostituering:

Eldbjørg er leiar, Lill-Marete er nestleiar. Johan sekretær.

15/17 Bruk av Chromebook og PC på skulen.

Det har kome innspel frå foreldre som er spørjande til bruken. Skulen informerte etter beste evne på foreldremøta, men all informasjonen har ikkje kome fram. På heimesida til skulen finn ein svar på det meste, ofte stilte spørsmål:

<https://www.ha.no/varhaug-skule/f/p8/i7cd34884-a701-48ac-ab0a-94538e2f2dca/ofte-stilte-sporsmal-om-g-suite-og-chromebook-i-ha-kommune.pdf>

Johan informerer om dette i eit informasjonsskriv før haustferien.

16/17 Reflekskonkurransen og «bli sett» opplegg.

NAF og FAU vil arrangera eit opplegg for alle trinn den 25. oktober. Ca. 20 minutt på kvart trinn. Reflekskonkurransen på skulen. Oppstart 19. oktober (Refleksens dag frå Trygg trafikk <https://www.tryggtrafikk.no/tema/refleks/>). FAU kjem med forslag på premiering og organisering.

17/17 Nytt om bygging

Skulen skal koma med innspel/ønsker til arkitekt innan 4. oktober. Johan gjekk gjennom innspela som har kome frå personalet ved skulen. Viss FAU og SU har innspel på korleis det nye bygget skal utformast, må innspela koma innan 3. oktober.

Postadresse:Eikevegen 5
4360 Varhaug**Kontoradresse:**Eikevegen 5
4360 Varhaug**Internett:**www.ha.no/var
post.varhaug.skule@ha.kommune.no**Telefon:**

51 79 17 00

Org.nr.

18/17 Oppveksmiljøet på Varhaug.

Varhaug ungdomsskule, Varhaug Idrettslag og Varhaug skule har starta eit samarbeid for å sjå på kva me saman kan gjera for oppveksmiljøet på Varhaug. Idrettslaget er på tilbodssida med anlegg og anna me skular kan bruka. Skulane skal utarbeida ei ønskeliste. Dette er eit kjempebra tilbod og syner at VIL tek sitt samfunnsansvar på alvor. Varhaug skule held på å utarbeida ei "ønskeliste". Her tenkjer me breitt, alt frå frukost til praktiske gjeremål og klatring.

9/17 Foreldremøta.

For at me skal verta betre, ønskjer me tilbakemelding frå foreldra. Eit enkelt spørjeskjema er sendt ut, og FAU/SU kan gjerne supplera med fleire innspel. Både positive og negative innspel er ønskja. Foreldra svarer stort sett positivt på innhald og lengd, men det varierer litt mellom dei ulike laga. Skulen tek alle svar til etterretning.

Det er ønskjeleg at dette vert gjort etter kvart foreldremøte, og at me informerer om undersøkinga på møta.

SU ønskjer eit ekstra spørsmål som synleggjer tilbakemelding på det som var felles og det som var på dei ulike trinna.

20/17 Mobbesaker.

Johan informerer om eventuelle mobbesaker i august og september. Det har kome inn ei mobbesak. Denne vart raskt gripen fatt i. Både elev og heim uttala at dei vart godt ivaretekne i saka.

21/17 Økonomi.

Johan informerer om korleis økonomien til skulen er. Driftsbudsjettet er på 907.000,-. Me har brukt omlag 770.000,- av desse. Ved årsskiftet kjem me til gå gå i balanse. Når me går inn og ser på dei enkelte postane, er posten for lisensar auka kraftig og posten for lærebøker noko redusert. Dette er fordi skulen har prioritert innkjøp av Multi Smart øving, Salaby og Relemo som læringsverky. Posten for fritt skulemateriell (kladdebøker, blyantar, kunst- og handverkmateriell mm) er for høg. Skulen må sjå på rutinane ved innkjøp av kunst- og handverkmateriell. Ein stor del av denne posten går til dette.

Med helsing
Hå kommune

Johan Omland
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur